

# Avtale

mellom

Hordaland fylkeskommune (-utleiger-), P.B. 7900, 5020 Bergen, org.nr. 938 626 367

og

Fana Stein AS (-leigetaker-), 5239 Rådal, org.nr. 984 333 218

Føljande reforhandla avtale med grunnlag i avtale av 10.06.2011 er inngått mellom partane:

**1. Leigeobjekt**

Avtalen gjeld arealet "Bakvollen" på 7,5 daa av gnr. 97 bnr.1 i Fana (Stend vid. skule). Arealet skal nyttast til lagerplass for tomme containere, mekanisk utstyr etc.

**2. Vilkår**

Det er leigetaker sitt ansvar å innhente nødvendige løyver frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealet. Arealet skal framstå på ein ryddig måte.

**3. Varigheit**

Avtalen gjeld frå 01.01.2014 fram til 31.12.2019.

**4. Pris**

Årsleiga er sett til 15.000 kr pr da, og skal betalast med forfall 15.mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år – første gong i 2015 – i samsvar med endringa i SSB sin konsumprisindeks med basis i indeksen for nov 2013, likevel slik at årsleiga ikkje kan bli lågare enn opphavleg leige.

Årsleiga vert fakturert frå Stend vid. skule.

**5. Opphøyr**

Ved opphøyr skal "Bakvollen" leverast tilbake opprydda og med ei grusa overflate eigna for næringsformål. Arbeidet må vere ferdig utført innan utgangen av leigetida.

**6. Tvist**

Eventuelle tvister vedrørande denne avtale skal avgjerast ved frivillig voldgift etter at dei er søkt løyst gjennom forhandlingar.

Denne avtale er utforma i 2 (to) eksemplarer – eit til kvar av partane.

Bergen, den / 2014

Bergen, den / 2014

\_\_\_\_\_  
Hordaland fylkeskommune

\_\_\_\_\_  
Fana Stein AS